

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 31.01.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Formanskapssalen
Møtenr.: 1/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

- 001/13 Godkjenning innkalling og sakliste
- 002/13 Skriv og meldingar.
- 003/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Førde
- 004/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» - Tinging
- 005/13 Møteplan 2013 for kontrollutvalet i Førde.
- 006/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit
- 007/13 Oppfølgingsliste 1-2013 – Førde.
- 008/13 Eventuelt

Førde, 21.01.2013.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.01.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.01.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.01.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 01-13: Bystyresak 078/12 «Prosjektrekneskap omsorgsbustadar Kyrkjevegen 17»
SM 02-13: Bystyresak 079/12 «Prosjektrekneskap Sunde skule»
SM 03-13: Bystyresak 082/12 «Reglement for godtgjersle til folkevalde- tapte arbeidsforteneste»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet
Formannskapet
Bystyret

Møtedato

06.12.2012
06.12.2012
13.12.2012

Saksnr

092/12
081/12
078/12

Sakshandsamar:

Kurt Even Andersen

Arkiv:

FE-210

Arkivsaknr.:

12/3198

Prosjektrekneskap omsorgsbustader Kyrkjevegen 17

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.11.2012 11:14:47	Revisjonsuttale - sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 258/1021	89090
04.12.2012	Sluttrekneskap - Revisjonsuttale - sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 258/1021	89091

Bakgrunn for saka:

Bystyret vedtok i sak 066/09 å bygge 27 omsorgsbustader i Kyrkjevegen 17 innfor ei kostnadsramme på kr. 54 250 000,-. Byggeprosjektet vart i årsbudsjett 2007 og 2008 løyvd kr 4 000 000, - til kjøp av tomt og til arbeid med forprosjektet.

Saksutgreiing:

Førde kommune nytta konsulent firmaet Stema rådgivning AS i forprosjektet, og eigen byggeleiar ved byggestart. I forprosjektperioden vart det vedteke å redusere fellesarealet for å få inn 2 fleire leiligheter, dette for å utnytte arealet best mogleg, ein fekk då inn totalt 29 bustader.

Byggeoppdraget vart lyst ut på anbod hausten 2010, der Åsen og Øvrelid vann anbudskonkurransen. Byggestart vart satt til 01.01.2011, og ferdigstilling våren 2012.

Tilboda frå leverandør var lågare enn budsjettert, ein nytta då moglegheita til å nytte ei anna energiløysing som har gitt auka byggekostnader, men vil på sikt gi ein billigare driftskostnad. I tillegg vart budsjettet for totalkostnaden redusert med kr 925 000,- i sak 025/11 i formannskapet.

Tilskot frå Husbanken var ikkje budsjettert. Utrekna tilskot basert på ei kostnadsramme på 52,3 mill kr utgjør 15,7 mill kr. På grunn av tilskot og momskompensasjon vart det budsjetterte lånet redusert med 16, 5 mill. kr i formannskapet sak 025/11. Den totale lånefinansieringa vart budsjettert med kr 32 728 000,-

Etter avslutta rekneskap på prosjektet er det er sett av kr 200 000,- til etterarbeid. Totalkostnaden på forprosjektet og byggeprosjektet vart kr 57 761 356,- . Med fråtrekk av tilskot og momskompensasjon vil prosjektet mangle finansiering på kr 8 597,-

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen for omsorgsbustader i Kyrkjevegen 17 - prosjektnummer 396/1021- vert godkjent,.
2. Manglande finansiering på kr 8 597,- vert finansiert med låneopptak.

Handsaming i Formannskapet 06.12.2012:

Saka vert trekt

Samrøystes vedtak

FORM-081/12 Vedtak:

Saka vert trekt

Handsaming i Formannskapet 06.12.2012:

Samrøystes tilråding

FORM-092/12 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen for omsorgsbustader i Kyrkjevegen 17 - prosjektnummer 396/1021- vert godkjent,.
2. Manglande finansiering på kr 8 597,- vert finansiert med låneopptak.

Handsaming i Bystyret 13.12.2012:

Samrøystes vedtak

BY-078/12 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen for omsorgsbustader i Kyrkjevegen 17 - prosjektnummer 396/1021- vert godkjent,.
2. Manglande finansiering på kr 8 597,- vert finansiert med låneopptak.

Førde, den 29.11.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Kurt Even Andersen
Kommunalsjef
Tlf. 57722102



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
06.12.2012
13.12.2012

Saksnr
090/12
079/12

Sakshandsamar:
Helge Sæterdal

Arkiv:
FE-614

Arkivsaknr.:
12/2832

Prosjektrekneskap tilbygg Sunde skule

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.11.2012 11:09:07	Revisjonsuttale - sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 382/1045	89088
30.11.2012	Sluttrekneskap - Revisjonsuttale - sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 382/1045	89089

Bakgrunn for saka:

Bystyret vedtok i sak 066/09 at utbygging av Sunde skule skulle starte opp våren 2010 med ei kostnadsramme på 7.5 mill

I samband med at anboda kom inn, vart summen auka til 10. mill i sak FO-025/11. Seinare vart 0.5 mill overført til bygging av ballbane i samband med at dette vart skilt ut som eige prosjekt, slik at restsumm for utbygging av Sunde skule var på 9.5 mill

Saksutgreiing:

Utbygginga av Sunde skule skulle dekke skulen sitt behov for nye klasserom i samband med at elevtalet auka og skulen vart fulldelt frå 2011. I tillegg skulle det gjerast naudsynt oppgradering i samband med samankoblinga til eksisterande bygningar.

I utbyggingsperioden synte det seg at arbeidet knytt til eksisterande bygningsmasse vart meir omfattande enn rekna med. I tillegg måtte eks. låssystem og brannvarslingssystem skiftast fordi det let seg ikkje gjer å kombinere nytt og gammalt. HMS krava førte også til at eksisterande personalavdeling måtte utvidast og oppgraderast. I tillegg kom også auka behov for nytt inventar som fylgje av auka elevtal. Arbeidet med uteområdet vart også litt meir omfattande enn rekna med.

For å få gjort desse naudsynte oppgraderingar, så vart samla kostnad på utbygginga på kr 11.383 005. Dette er inkl 50.000,- som er avsett til utsmykking. Det var opphavleg ikkje sett av midlar til utsmykking slik det skal i fylgje reglement i Førde. Grunnen til det var den pressa økonomiske situasjonen i Førde. Skulen har i prosessen likevel kome med innspel om at det vart sett av ein sum til å kunne kjøpe

inn noko kunst. Desse midlane er ikkje brukte, men lagt inn i rekneskapen slik at det kan gjennomførast dersom bystyret ynskjer det.

Samla overskriding er etter dette 1.883.005. Av dette vert kr 527. 754,- dekkav av moms.komp. Resten på kr. 1 355 251,- må dekkast med låneopptak.

Det er uheldig med ei slik overskriding, men valet var å avslutte prosjektet før det var ferdig eller å bruke desse midlane. Rådmannen har elles halde formannskapet orientert om at det kom overskridingar gjennom tertialrapportane og prosjektrapportane i utbyggingsperioden.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 15.11.2012, for utbygging av Sunde skule, prosjektnr 382/1045, vert godkjent
2. Meirforbruk på kr.1.355.251,- vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærare vilkår for låneopptaket.

Handsaming i Formannskapet 06.12.2012:

Samrøystes tilråding

FORM-090/12 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 15.11.2012, for utbygging av Sunde skule, prosjektnr 382/1045, vert godkjent
2. Meirforbruk på kr.1.355.251,- vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærare vilkår for låneopptaket.

Handsaming i Bystyret 13.12.2012:

Samrøystes vedtak

BY-079/12 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 15.11.2012, for utbygging av Sunde skule, prosjektnr 382/1045, vert godkjent
2. Meirforbruk på kr.1.355.251,- vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærare vilkår for låneopptaket.

Førde, den 30.11.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Helge Sæterdal
Kommunalsjef
Tlf. 57722051



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
06.12.2012
13.12.2012

Saksnr
089/12
082/12

Sakshandsamar:
John Hjelkrem

Arkiv:
FE-033

Arkivsaknr.:
12/3390

Reglement for godtgjersle til folkevalde - tapt arbeidsforteneste

Bakgrunn for saka:

Førde bystyre handsama i møte 29.09.11, sak 044/11, reglement for dei politiske utvala i Førde kommune. Pkt. K i reglementet omhandlar reglement for godtgjersle til folkevalde.

Vi er gjort kjent med at fleire av representantane slik ordninga er i dag, tapar økonomisk på si deltaking som folkevald og legg difor fram forslag om å revidere dagens satsar.

Saksutgreiing:

Alle folkevalde har, i samsvar med arbeidsmiljølova rett til permisjon fra arbeid i det omfang det er nødvendig for å oppfylle lovbestemt møteplikt i offentlege organ, men ikkje alle får dekkta tapt arbeidsforteneste.

Førde kommune har difor i sitt reglement for godtgjersle til folkevalde vedteke følgjande under pkt. K, § 3:

«3.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkta med inntil kr.1.700,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkta med inntil kr. 1.100,- pr. dag.»

Når det no syner seg at ovannemnde satsar ikkje dekker dei tap representantane har, gjer ein framlegg om å endre desse.

Vi har innhenta opplysningar frå andre kommunar som vi kan samanlikne oss med og der vert tapt arbeidsforteneste utbetalt slik:

	Legitimert tapt arbeidsforteneste	Ulegitimert tapt arbeidsforteneste	Gjeldande frå
--	--------------------------------------	---------------------------------------	------------------

Flora kommune	4 600	1 200	01.05.12
Sogndal kommune	3 600	1 900	01.01.13

Ut frå dette gjer rådmannen framlegg om at satsane for Førde kommune vert endra til kr. 4 000 for legitimert og kr 1 500 for ulegitimert tapt arbeidsforteneste.

Kravet til dokumentasjon av inntektstapet er ulik for alle desse tre kommunane. Vi rår til at vi held fram med den praksisen vi har i dag. Der har vi og praktisert at for møter som varer inntil 4 timar, vert det utbetalt halv godtgjersle og over det full godtgjersle.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I reglement for dei politiske utvala i Førde kommune, vert pkt. k § 3.1 og 3.2 endra såleis:

3.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr.4.000,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr. 1.500,- pr. dag.

Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.13.

Handsaming i Formannskapet 06.12.2012:

Samrøystes tilråding

FORM-089/12 Vedtak:

I reglement for dei politiske utvala i Førde kommune, vert pkt. k § 3.1 og 3.2 endra såleis:

3.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr.4.000,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr. 1.500,- pr. dag.

Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.13.

Handsaming i Bystyret 13.12.2012:

Samrøystes vedtak

BY-082/12 Vedtak:

I reglement for dei politiske utvala i Førde kommune, vert pkt. k § 3.1 og 3.2 endra såleis:

3.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekket med inntil kr.4.000,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekket med inntil kr. 1.500,- pr. dag.

Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.13.

Førde, den 28.11.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Asss.rådmann

003/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	31.01.2013	003/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2012 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

-

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til bystyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av bystyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Førde bystyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Førde kommune har i år 2012 vore sett saman slik:

Medlemer:

Anne Lise Bekjorden (leiar)
Terje Engvik (nestleiar)
Bjarte Urnes
Mariann Njosen
Per Arne Kloven

Varamedlemer

Monica Alisøy Kjelsnes
Ludvig Birkeland
Harald Sandvik
Kåre Myklebust
Rune Fauske

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2012.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Førde hatt sju møte der det er handsama i alt 45 saker.

Kontrollutvalet har i 2012 handsama overordna analyse utarbeidd av KRYSS-revisjon. Analysen er grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltingsrevisjon. Planen vart tilråda frå kontrollutvalet til bystyret og vart vedteken der.

Kontrollutvalet valte forvaltningsrevisjonsprosjektet "Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i". Prosjektet vart bestilt frå KRYSS-revisjon på første møtet i 2013.

KRYSS-revisjon vart kalla inn for å orientere om:

- Fordeling av revisjonskostnader.
- Orientering om rolla og oppgåvene til revisor.

Kontrollutvalet har handsama revisjonsrapport frå KRYSS-revisjon «Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med fastsetjing, avrekning og innkreving av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie – Førde kommune». Rapporten er sendt over til bystyret til orientering.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

- Skatteoppkrevjarfunksjonen.

Kontrollutvalet har også gjeve innstilling til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016. Planen er vedteken av bystyret.

Kontrollutvalet har i 2012 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt i 2012:

- Prosjekt nr. 142/1053 Avløpsanlegg – Førde by.
- Prosjekt nr. 258/1021 Omsorgsbustadar ved helsetunet.
- Prosjekt nr. 382/1045 Sunde oppvekstsenter.

Kontrollutvalet har også vurdert revisor sin ubundenskap.

Kontrollutvalet vedtok gå over til elektronisk utsending av dokumenter til utvalet i staden for papir. Kontrollutvalet fekk i den samanheng utdelt Ipad og fekk opplæring i programvare og applikasjonar for handtering av utsendte dokument.

Kontrollutvalet har utanom kontrollutvalsmøte vore representert på følgjande arrangement for kontrollutval:

- Kontrollutvalsopplæring på Skei den 23.01.2012.
- Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 6. og 7. juni 2012.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», «"Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama møteplan 2012 for kontrollutvalet, årsmelding 2011 frå kontrollutvalet og årsrekneskapen 2011 for Førde kommune.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Førde den 31. januar 2013

Anne Lise Bekjorden
Leiar

Terje Engvik
Nestleiar

Bjarte Urnes

Mariann Njosen

Rune Fauske

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

004/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSAVTALAR OG INNKJØPSSAMARBEID SOM FØRDE KOMMUNE ER DELAKTIG I - TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.01.2013	004/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Forslag til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 34/12 og 41/12
- Bystyresak 068/12

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” vert godkjent.
2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.
3. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSAVTALAR OG INNKJØPSSAMARBEID SOM FØRDE KOMMUNE ER DELAKTIG I - TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i”

Saksopplysningar:

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 16.10.2012 i sak 034/12 ”Plan for forvaltningsrevisjon – Førde kommune” gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I bystyremøte 22.11.2012 i sak 68/12 ”Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2015” godkjente bystyret planen.

I planen er prosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” valt som 1. prioritet.

I kontrollutvalsmøte 06.12.12 i sak 041/12 «Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt» valte kontrollutvalet prosjekt «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» og gav sekretariatet i oppgåve å utforme tinging av prosjekt til neste møte i kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga. KRYSS-revisjon vil bli kalla inn til møtet for å diskutere prosjektet.

SEKOM-sekretariat har også utarbeidd ein mal som vi ynskjer å nytte når vi tingar oppdrag. Sjå tingsingsdokumentet.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i bystyret.
- Oppfølging av bystyret sitt vedtak eit år etter vedtak i bystyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Førde 31.01.2013

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT "INNKJØPSAVTALAR OG INNKJØPSSAMARBEID SOM FØRDE KOMMUNE ER DELAKTIG I"

Prosjektnamn

Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 16.10.2012 i sak 34/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015 gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt.. I kommunestyremøte 22.11.2012 i sak 068/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015 godkjente kommunestyret planen.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Førde kommune ynskjer ei vurdering av innkjøpsfunksjonen i kommunen.

Avgrensing av undersøkinga

År 2012.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- Følgjer Førde kommune regelverket for kommunale innkjøp, og er det etablert rutinar for å sikre dette?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Lov om offentlege anskaffelsar.
Innkjøpsavtale mellom kommunane i Sogn og Fjordane/Fylkeskommunen.
Overordnaanalyse 2012 – 2015.
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.
RSK001.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. desember 2013.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 04/13 «Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» 31.01.2013.

Anne Lise Bekjorden
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/13 MØTEPLAN 2013 FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	31.01.2013	005/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.
- Møteplan for Førde kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan 2013 for kontrollutvalet i Førde vert godkjent.
-

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN 2013 FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan 2013 for kontrollutvalet i Førde.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinncalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL FØRDE KOMMUNE 2013

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	31.		13.	10.		11.			13.	15.	12.	4.
FORMANNSKAP	10.-17.-31.	7.	7.-14.	4.-11.-18.	2.-16.-23.	5.-13.-27.		22.-29.	5.-12.-19.	3.-17.-24	7.-14.-28.	5.
BYSTYRE	24.	28.	21.	25.	30.	19.			26.	31.	21.	12.

006/13 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.01.2013	006/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Bystyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 11. januar 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 11. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, har i brev datert 11. januar 2013 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Førde kommune.

*Til Kontrollutvalet
i FØRDE kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2013\
Erklæring2013FØRDE

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

006 / 2013

Dokumentdato:

11. januar 2013

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FØRDE KOMMUNE

Innleiing:

Førde kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Førde kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Førde kommune.</i>

Førde den 11. januar 2013

Kommunerevisjonen
Førde og Sunnfjord
Postboks 187, 6801 Førde

Tørje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi:

Førde kommune v/Rådmannen

Førde kommune v/Ordføraren

Til KRYSS-Revisjon
v/dagleg leiar Terje Førde
Postboks 487
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykkar ref.:	Vår ref. : Revplan 2013	Arkivkode : 216&30	Journalnr. : 004/2013	Dokumentdato: 07.01.2013
--------------	----------------------------	-----------------------	--------------------------	-----------------------------

Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2013

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollover
8. det må ikkje ligge føre andre særreignar forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekke tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekke tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.</i>
-------------------------------	---

Førde den 07. januar 2013



Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

007/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	31.01.2013	007/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 1-2013 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 15. januar 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
040/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	06.12.11		19.10.11 E-post til revisor og rådmann. 06.12.11 Vedtak KU – Utset saka.
012/12 Revisjonsrapport - ”Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med fastsetting, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie – Førde kommune”	07.03.12		07.03.12: Vedtak i KU – 07.03.12: Sendt til bystyret. 12.06.12: Sendt purring
029/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013.	14.09.12		14.09.12 Vedtak i KU – Budsjett på kr 106 000,- vedteke. 14.09.12 Budsjett sendt til bystyret.
034/12 Plan for forvaltningsrevisjon – Førde kommune.	16.10.12		16.10.12 Tilråding frå kontrollutvalet til Bystyret – «Bystyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.
035/12 Plan for selskapskontroll – Førde kommune	16.10.12		16.10.12 Kontrollutvalet si tilråding til Bystyret – Planen for selskapskontroll i Førde kommune for perioden 2012 2015 vert godkjent.
037/12 Eventuelt	16.10.12		16.10.12 Vedtak i KU – Kontrollutvalet ønskjer å gå over til elektronisk utsending av dokumenter til utvalet
038/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
039/12 Skriv og meldingar	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
040/12 Opplæring – Handtering av elektronisk utsending av dokument	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Ipad blei levert ut og opplæring gjennomført
041/12 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt - Førde	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – - Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» - SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.
042/12 Prosjektrekneskap – rekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 258 – 1021 omsorgsbustadar ved Helsetunet.	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 28.11.2012. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.
042/12 Prosjektrekneskap – rekneskap og sluttrapport prosjekt nr. 382 – 1045 Sunde	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 28.11.2012.

oppvekstsenter.			Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.
043/12 Oppfølgingsliste 7-2012 Førde	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Oppfølgingsliste 7-2012 Førde kommune vert teken til vitande.
044/12 Eventuelt	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 15.01.2013

008/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.01.2013	008/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.